

04 / 2771 - 70

SULDAL KOMMUNE - MØTEBOK

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Resultat
Formannskapet	11.01.05	007/05	4/3 for innstillinga

Sakshandsamar	Referanse	Arkivnummer
Nils Ingvar Korsvoll	2004000633	K2-

LIVSKRAFTIGE DISTRIKT OG REGIONAR - UTTALE TIL NOU 2004:19 FRÅ SULDAL KOMMUNE

Forslag til vedtak:

Suldal kommune støttar i all hovudsak fleirtalet i Distriktskommisjonen i deira vurderingar og tilrådingar.

Lokal og regional vekstkraft og verdiskaping er avgjerande for utviklinga i heile landet og ikkje berre sentralt. Det krev nærleik og eigarskap til oppgåvene, noko som igjen krev eit sterkt folkevalt regionnivå og sterkare kommunar som er i stand til å vere den samfunnsaktøren som krevst for å skape berekraftige lokalsamfunn med nødvendig vekstkraft. Lokalsamfunna må både vere i stand til å klare seg sjølve og dessutan å få lov til å behalde og å utnytte ressursane sine til å skape turvande vekstkraft.

11.01.2005 FORMANNSKAPET

Sand, SV, sette fram slikt forslag til endra første avsnitt:

Suldal kommune støttar i all hovudsak fleirtalet i Distriktskommisjonen i deira vurderingar og tilrådingar, men støttar mindretallet i at frivillighet og folkeavstemmingar må liggja til grunn når det gjeld endringar i kommunestrukturen.

Schibeavaag, V, sette fram slikt forslag:

Suldal kommune kjem med ei fellesfråsegn til distriktskommisjonen si innstilling NOU:19 og framlegg til ny regioninndeling KOU 2004:1. Kommunen vil fremja følgjande synspunkt:

1. Suldal kommune meiner at staten i langt større grad må desentralisere makt og oppgaver til kommunane og eit nytt og større regionalt forvaltingsnivå.

Målsetjinga må vere å sikre auka deltaking til folkevald styring over den lokale og regionale utviklinga. Evt. endringar i kommunestruktur bør vere frivillig og innbyggjarane må få uttrykkje sitt syn gjennom folkerøystingar.

2. Det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået blir avklart snarast råd, og rår ifrå å venta til den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007.

Suldal kommune finn det ikkje formålstenleg å drøfte dei konkrete modellane for inndeling no. Storleiken på dei framtidige regionane må basere seg på dei oppgåvene regionane vert tillagt. Den vidare utforminga av det regionale nivået må ha god forankring, verte utforma nedanfrå og vere tilpassa lokale føremoner, kultur og behov.

3. Suldal kommune stør Distriktskommisjonen si tilråding om å desentralisera og samordna verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå.

Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for regional utvikling. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløysa meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

4. Suldal kommune sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået. Me vil likevel presisera følgjande:

- Regional næringsutvikling - næringsstøtte/distriktsstøtte (Innovasjon Noreg, SIVA, tilretteleggjande verkemidlar)
- Utdannings-/opplæringstilbod på vidaregåande skule og høgskule-/universitetsnivå
- Annan kunnskapsbasert infrastruktur (kvalifiserande arbeidsmarknadstiltak, FoU institusjonar, regionalisering av norsk forskingsråd osv.)
- Samferdsle og transporttenester (infrastruktur som veg og breiband)
- Kulturtilbod (kunst- og kunstformidling, idrettspolitikk og forvaltning av spelemidlar, kulturminnevern og internasjonalt kulturarbeid)
- Helsetenester (m.a. spesialisthelsetenesta og førebyggjande helsearbeid)
- Fylkesmannen sine oppgåver innanfor miljø-, landbruks- og regional arealdisposisjonar

Suldal kommune forventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået. For det kommunale nivået vil me presisiera følgjande:

- norsk landbruk skal framleis ivareta viktige samfunns mål som tryggleik for matvareforsyning, busetting og kulturlandskap. Reduksjonar i det samla produksjonstilskottet til landbruket bør kanaliseras til landbruk og bygdeutvikling lokalt.
- lover og reglar bør tilpassast slik at det vert enklare å starte opp foredling og omsetje lokale råvarer
- lokal forvaltning på einskilde område vil gjere det mogleg å utnytte dei samla ressursane på garden og naturgjevne føremoner betre, m.a. utmarksressursane
- dagens konsesjonsavgifter for nye havbruksanlegg bør avviklast og erstattast av ei arealavgift til kommunane
- det offentlege bør i større grad medveke til å utvikle samarbeidsstrukturar og løyse felles opppgåver innan reiselivet
- inntekten frå kraftproduksjonen som kommunane og fylkeskommunane i dag får gjennom eigedomsskatt, konsesjonsavgifter og konsesjonskraft bør også i framtida kome det lokale og regionale nivået til gode
- lokalisering av statlege arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, kompetanse og større fagmiljø
- den offentlege innkjøpspolitikken er i Noreg underlagt strengare reglar enn naudsynt. Grensa på kr 200.000 for når offentlege innkjøp må ut på anbod bør hevast

- kommunen har avgjerande innverknad på lokal utvikling gjennom si rolle som velferdsprodusent, jobbskapar, tilretteleggjar og samfunnsutviklar. Derfor må kommunane også få større innflyting på bruken av offentlege utviklingsressursar og korleis kommunen sine areal og naturressursar skal nyttast
- for å styrkje regionar i Sør-Noreg som har nedgang i folketalet bør ein ta bort arbeidsgjevaravgifta for å
- stimulera til vekst i eksisterande og nye næringar

Miklsen, Sp ba om gruppemøte. Schibevaag, V endra forslaget sitt slik:

Frå pkt 4 etter første avd. strekpunkt : For det kommunale nivåetog så vidare går ut.

Forslaget frå Sand – 1 røysta for, 6 imot

Innstillinga – 3 røysta for, 4 imot

Forslaget frå Schibevaag – 3 røysta for, 4 imot

F-007/05 VEDTAK:

Til sist vart det røysta alternativt over innstillinga og forslaget frå Schibevaag. 4 røysta for innstillinga, 3 for forslaget frå Schibevaag.

4230 Sand, 12.01.05

Nils I. Korsvoll

rådmann

LIVSKRAFTIGE DISTRIKT OG REGIONAR - UTTALE TIL NOU 2004:19 FRÅ SULDAL KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	14.10.04	Kommunal- og regionaldep.	HØYRINGSBREV NOU 2004:19
2	I	22.10.04	KS	NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER HØYRING, FRISTAR OG HOVUDPUNKT I DISTRIKTSKOMMUSJONEN SI UTGREIING
3	I	25.10.04	KS	KOU 2004:1 STERKE REGIONER - FULLSTENDIG VERSJON OG SUPPLERANDE
4	I			HØYRINGSNOTAT
5				2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER INTERVJU MED LEIAREN I DISTRIKTSKOMMISJONEN I ROSENKILDEN NR 10

./ Dok 2, 3 og 5 forutan kopi av kap. 7 Konklusjoner og anbefalinger frå dok 4 fylgjer vedlagt.

Samandrag:

Utgreiinga fra Distriktskommisjonen har fått tittelen "Livskraftige distrikter og regioner". Desse tre orda er kjernen i det utgreiinga går på. Det er klar skilnad på regionpolitikk og distriktpolitikk. Medan regionpolitikken rettar seg mot alle delar av landet, fokuserar distriktpolitikken på utvalde geografiske område, dei såkalla distrikta. Distriktpolitikk og regionpolitikk vil derfor vere ulike og ha noko ulike mål. Distriktpolitikken kjem i tillegg til regionpolitikken for dei områda distriktpolitikken gjeld for.

"Livskraft" går på at lokalsamfunna skal ha vekstkraft og verdiskaping. Lokalsamfunn som ikkje har det, er ikkje berekraftige og går ei usikker framtid i møte. Eit godt utgangspunkt er såkalla ABS-område (arbeid, bustad, service). I Noreg har vi 89 slike ABS-område.

Dette krev eit sterkt folkevalt regionalt nivå og sterkare kommunar som er i stand til å vera den samfunnsaktør som krevst for å skape berekraftige

"Livskraft" går på at lokalsamfunna skal ha vekstkraft og verdiskaping. Lokalsamfunn som ikkie har det, er ikkje berekraftige og går ei usikker framtid i møte. Eit godt utgangspunkt er såkalla ABS-område (arbeid, bustad, sevice). I Noreg har vi 89 slike ABS-område.

Dette krev eit sterkt folkevalt regionalt nivå og sterkare kommunar som er i stand til å vera den samfunnsaktør som krevst for å skape berekraftige lokalsamfunn.

Ein må kort og godt hjelpe seg sjølv - og vere i stand til det, og dessutan få lov til det.

I Rogaland er det 3 kommunar, Sauda, Suldal og Utsira som ikkje kan dagpendle til sterke vekstkraftige område.

Det gir ekstra utfordringar for desse kommunane framover. Det er i fylgje Distriktskommisjonen nokre avgjerande styringsproblem i samfunnet vårt. Det er den fragmenterte stat, ein fragmentert kommunestruktur, ein fylkeskommune (regionalt nivå) med for lite makt og eit Storting som styrer i "smått" og ikkje i "stort". Det er Stortinget som må "rydde opp" og dei må vere villige til å gjere det. Det heile er så komplisert og uoversiktleg at såkalla frivillige løysingar ikkje er å forvente.

Rådmannen er i det store og heile samd med fleirtalet i Distriktskommisjonen og rår Suldal kommune til i all hovudsak å støtte fleirtalet i deira vurderingar og tilrådingar.

Saksfakta:

1 Bakgrunn for saka:

Distriktskommisjonen vart oppnevnt av Regjeringa 07.02.03 og avga utgreiinga si den 12.10.04 til departementet (KRD). Distriktskommisjonen var politisk samansett og skulle gå gjennom heilskapen i dagens distrikts- og regionalpolitikk, d.v.s. at både "brei" og "smal" statleg politikk som har betydning for busetting og regional utvikling. Høyringskrivet frå departementet (dok 1) har to høyringsfristar, 14.01.05 og 14.10.05. Den siste gjeld tema som er knytta til framtidig fylkes- og kommunestruktur, oppgåvefordeling og maktfordeling/ regionalisering. KS tilrår å gi uttale til heile utgreiinga alt ved første frist 14.01.05 (dok 2). Det vert lagt opp til det i denne saka.

Det er for tida mange utgreiingar ute på høyring som kan få stor innverknad på rammevilkåra for kommunane og verksemda deira i framtida. Forutan NOU 2004:19 "Livskraftige distrikter og regioner" har ein også desse:

- NOU 2004:17 Statleg tilsyn med kommunesektoren. Frist 07.01.05
- KOU 2004:1 Sterke regioner. Frist 01.02.05.
- NOU 2004:25 Pengene teller, men stemmene avgjør (Demokratifinansieringsutvalet). Frist 01.02.05
- NOU 2004:18 Helhet og plan i sosial og helsetjenestene. Frist 01.04.05

Det finst både direkte og indirekte samanhenger mellom desse utgreiingane når det gjeld verknad for kommunane.

2 Nærare om utgreiinga

I kap 7 i utgreiinga finn ein konklusjonane og tilrådingane frå Distriktskommisjonen. Kopi av kap 7 ligg ved og rådmannen viser til det.

Distriktskommisjonen har lagt fylgjande visjon til grunn for arbeidet sitt:

Videreutvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn gjennom et konkurransedyktig næringsliv og likeverdige tjenestetilbud i hele landet med sikte på å opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret.

På møte i Sauda 04.11.04 og i fleire intervju m.a. i Rosenkilden nr 10 (dok 5) utdjuvar leiaren i Distriktskommisjonen kva som ligg i denne visjonen og dei utfordringar ein står framfor. Lokal og regional vekstkraft er "nøkkelen". Samfunn utan eiga vekstkraft har inga positiv framtid. Lokal og regional verdiskaping må til for å skaffe folk arbeid. Heilskapleg politikk og føremålstenlege strukturar som kan utløyse verdiskapingspotensialet i heile landet og sikre næringslivet konkurransekraft i ei verd med global arbeidsdeling, er heilt turvande. Ein må

føre ein politikk som kan stimulere kompetansedreven verdiskaping. I Noreg har ein 89 såkalla naturlege ABS- regionar (arbeid, bustad, service) med vekstkraft og lokalverdiskaping.

I fylgje leiaren i Distriktskommisjonen kan styringsproblema oppsummerast slik:

- fragmentert stat
- fragmentert kommunestruktur
- fylkeskommune med for lite makt
- Storting som styrer i "smått" og ikkje i "stort"

Nøkkelen til løysing ligg i Stortinget. Utan at Stortinget tar tak i desse problema blir det vanskeleg å kome vidare.

Om det kommunale nivået uttalar kommisjonen på side 115 og 116 at kommunane:

- bør framleis vere generalistkommunar der alle har samme ansvar og oppgåver
- kommunestrukturen må baserast på større kommunar for å løyse fleire og større oppgåver.
- i tettfolka område bør ein basere seg på ABS-områda og prioritere desse framfor samanslåing av distriktskommunar.
- Staten må spele ein aktiv rolle i omstruktureringsprosessen som ikkje bør dra ut i tid. Eit mindretal på 3 (av 15) vil ha frivillighet og folkeavstemmingar.

Rådmannen sine merknader:

Rådmannen er samd med Distriktskommisjonen at framtida for lokalsamfunn og regionar er heilt avgjerande om ein klarer å få til lokal vekstkraft og verdiskaping. Ingen kan overleve på overføringar og politiske vedtak i det lange løp. Lokal vekstkraft og verdiskaping må skapast lokalt og staten må gje makt og rammevilkår til regionane og kommunane som gjer dette mogleg. Derfor må vi ha eit sterkt regionalt folkevald nivå og sterke kommunar som kan vere sterke samfunnsaktørar. Lokalsamfunna må både få behalde og få utnytte ressursane sine for å skape turvande vekstkraft. Statlege restriksjonar må avgrensast.

Det er klar skilnad på regionpolitikk og distriktpolitikk slik Distriktskommisjonen seier. Regionpolitikken gjeld heile landet, medan distriktpolitikken fokuserar på utvalde geografiske område - distrikta. Distriktpolitikken og regionpolitikken vil vere ulike og ha noko ulike mål. Distriktpolitikken kjem i tillegg til regionpolitikken.

I Noreg har distriktpolitikken røter frå gjenoppbygginga av landet etter krigen. I 1951 fekk ein Nord-Norge planen og i 1961 Distriktenes Utbyggingsfond (DU). Regionalpolitikken har først sitt opphav på 1990-talet i St. meld 33 (1992-93) By og land hand i hand. Samtidig kulminerte dei statlege løyvingane til distriktpolitikken og den klassiske distriktpolitikken si "storhetstid" var over.

EU sin regionalpolitikk går på å sikre ei harmonisk økonomisk utvikling i alle regionane der inntektsnivået i regionen er viktigaste kriterium for tilskot og tiltak. I den norske distriktpolitikken har bevaring av busetnadsmonsteret vore det viktigaste kriteriet. Distriktskommisjonen sine målsettingar for regionpolitikken går på vekst og utvikling, sterke og sjølvstendige lokalsamfunn, likeverd og gode levekår medan distriktpolitikk har meir eit fordelingsperspektiv i seg.